



Bjørgulv Eik overrekkjer Uskedal Trelastlager sin vandrepokal til styltemeisteren.

Under museumsdagen på Rødtunet har Kvinnheradmeisterskap i styltegang i mange år vore ein fast programpost. I 2002 vart det sett opp ein vandrepokal i meisterskapet. Denne vart gjeven av Uskedal Trelastlager AS. Fleire har vunne napp i pokalen, men i august vart Audun Eik meister for 3.gong. Derfor fekk han overrekt pokalen til odel og eige i kveld.

Det var mangeårig 'styltemeisterskapsgeneral' Bjørgulv Eik som overrekte pokalen til Audun til trommevirvel av Kjell Borge Olsen. Arrangørane hadde no fått gravert inn namnet hans etter at han vart Kvinnheradsmeister 2015. Då vann han ein solid finalesiger mot broren, Ståle Eik.

Sigmund Myklebust fekk første napp i pokalen i 2002. Deretter har Siv Hanne Kjærland og Jan Ove Totland vunne to gonger kvar, medan Maria Kjærland har vunne ein gong og Audun altså tre gonger.

Så spørst det om det vert sett opp ny vandrepokal til neste år?

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland